

Årsmelding 2015 – Fotballgruppa

Styret i fotballgruppa:

Leiar: Kjell Ove Homme tom. 03.09.15

Etter at leiar trekte seg, vart oppgåvene fordelt på dei andre i styret

Sekretær: Evy K. Aamlid

Kasserar/nestleiar: Frode Wæthing

Materialforvaltar: Geir Wæthing

Styremedlem: Oddvar Momrak

Vara: Tor Skræi

Basarkomiteèn: Kjersti Bergland, Kurt Heistad, Anette Lund og Anne Grethe Aamlid

Fotballskulekomiteèn: Klara Nordbø, Linda Aas Levang, Olav Inge Nordbø og Evy K. Aamlid

Valkomiteèn: Vidar Holmgård, Sigurd Skomedal, Jørn Helge Krossli og Tarjei Skålid

Fotballgruppa har fylgjande sponsorar

- Bondal Motor AS
- Fyresdal Sag og Bygg AS
- Telemarksavisa
- Sparebanken Sør

I tillegg har vi SPAR Fyresdal som god samarbeidspartnar.

Styret har tom. 28.01.16 hatt 9 møter.

Det vart gjennomført informasjonsmøte med alle trenarar og oppmenn før sesongen starta. Ved evaluering av sesongen, har det kome ynskje om å ha dette møtet så tidleg som råd.

Det vart av ulike årsaker ikkje arrangert noko sosialt lag for alle med verv i fotballgruppa i år.

På våren vart det gjennomført dugnad på fotballbana og området rundt.

Fotballag:

- Ingen J8 lag
- 2 G8-lag der det også deltok 3 jenter
- 1 J10-lag
- 2 G10-lag
- 1 J12-lag
- 1 G12-lag
- 1 J14-lag
- 1 G14-lag
- Ingen J16- eller G16-lag
- Ingen A-lag herrar

Talet på spelarar var ved sesongstart 72 og ved avslutning 68.

Norway Cup: J14 deltok og kom til B-sluttspillet. Det vart transport med privatbilar tur-retur, og overnatting på skule. Treinar og 2 andre foreldre var med.

TINE Fotballskule: vart i år gjennomført for 9. gong.

Totalt var det med ca. 100 ungar frå ettermiddag fredag 19.06 tom. måndag 22.06.

Prosjekt Vest-Telemark:

Det vart arrangert teknikktreningar ca. ein kveld annankvar veke i løpet av våren. Fyresdal vart best på treningsinnsats av klubbane i Vest-Telemark, og fleire spelarar fekk reise til Skien ein ettermiddag der dei vart treina av spelarar frå Odd. 23-24 mai vart det arrangert fotballskule i Vinje for aldersgruppa 11-16 år med trenarar frå Colchester. Det deltok 2 frå Fyresdal. Det vart arrangert ei treningssamling for jenter f.02-03 på Dalen, der det deltok 5 frå Fyresdal. Det vart også arrangert ei treningssamling for gutar f. 02-03 i Seljord, der det deltok 5 frå Fyresdal.

Medio august vart det arrangert jentefotballskule i Vinje med trenarar frå Jamie Carragher Akademi i Liverpool. Her deltok 6 jenter frå Fyresdal. Det vart i haust arrangert ein treningstur til Liverpool der 3 jenter frå Fyresdal deltok saman med 18 andre jenter frå Vest-Telemark. Etter ei evaluering av prosjektet på bakgrunn av teknikktreningar, kostnader og tur til Liverpool valte styret å melde seg ut av prosjektet.

Kvalitetsklubb- prosjekt:

Fotballgruppa har ikkje vidareført dette prosjektet i år.

Kiosk: Den har også i vore open kvar gong det har blitt spelt kamp på bana.

Klubbhuset: Det er nesten ferdigstilt. Det som manglar er ma. møblar i 2. etg.

Økonomi

Sjå vedlagt rekneskap for 2015 og budsjett for 2016.

Fyresdal, 25.01.16

Frode Wæthing

Geir Wæthing

Evy K. Aamlid

Oddvar Momrak

Tor Skræi